

# Kvarberg nigard

Av Knut Raastad, 2017



Nigard Kvarberg gnr. 71 bnr. 1 ligg i øvre Nordherad. Kvarberg er nemnd frå 1325 da som a Huærbergge, a Huarbærghum 1381, Hwarberge 1421, Hwalfbærgh 1445, Hwarberigh 1490, a Hwarberghæ 1495, Hwarbergh 1527, Quatberg 1520, Quasberg 1578, Quarberig 1594, Quarberg 1604 og 1668, Qvarberg 1723.

Kvarberg tilhørde kongen på 1200-talet og Håkon Håkonsen 1217-1263 gav eiedommen til hospitalet i Tønsberg. Truleg overtok kongen att etter reformasjonen 1537. I 1639 var Hans Haagensen i København eigar, for det året selde han nigard Kvarberg til Jakob Larsen. Før Haagensen var Pernille Gyldenstjerne eigar av nigard Kvarberg.

Jordebok 1577 og bygningsskatten 1604 nemner nigard Kvarberg som fullgard.

Jakob Larsen Kvarberg f.ca.1575 d.ca.1660 var son til Lars Engebretsen Øi nedre f.ca.1540. Jakob er nemnd som Jacob Quarbergh i 1628 og må da ha vore brukar, d.v.s. leiglending, på Kvarberg. Også koppskatten 1645 nemner Jacob Kvarberg, og skattematrikkelen 1647 nemner Jacob Quarberg som brukar av 4 huder. Jakob vart ca.1612 gift med Rønnaug Ivarsdotter Sandbu ø-s f.ca.1594 dotter til Ivar Amundsen Sandbu f.ca.1543. Jakob og Rønnaug hadde 7 barn:

Lars f.ca.1612 d.1697, neste brukar

Engebret d.1697, g.m. Ingeborg Knutsdtr. Storvik s. På Valde s.

Aase d.1674, g.m. Lars Olsen Einangen, g.2.m. Knut Jonsen d.etter 1661. På Raastad s.

Rønnaug, g.m. Ola Persen Lye d.før 1698

Rønnaug d.y. d.før 1684, g.m. Jon Olsen Øi øvre 1585-1684

Anne d.før 1698, g.m. Ola Larsen Snerle og g.2.m. Engebret Simensen Bolstad

Kari d.etter 1665, g.m. Ener Pedersen Lye d.1665

Av manntalet 1666 går det fram at nedre Kvarberg var rekna som fullgard med skyld 4 huder og engeland derhos 8 skinn. Jordebok 1661 viser Lauridtz Qualberig eigde saman med syskjena, krona eigde noko også men det kan vera engeland som Kvarberg hadde i Skårvangen. Matrikkelen 1668 viser at av 4 huder eigde oppsitjaren Lauridtz Øvarberg 2 huder 3 ½ fetl. medan Hans Sødchende eigde reisten. Lars Jakobsen Kvarberg f.ca.1612 d.1697 var gift med Eli Eriksdotter Blessum f.ca.1625 d.1696, dotter til Erik Trondsen Blessum f.ca.1595/1600 d.før 1665. Lars og Eli hadde 3 barn:

Jakob 1660-1696, g.m. Torø Olsdtr.

Rønnaug f.1673 d.etter 1720, neste brukar.

Ragnhild d.1707, g.m. Anders Olsen Viste f.ca.1661 d.1742. På Viste nordgard.

Matrikkelen 1668 viser at Kvarberg hadde vårseter på Mytting (i Nordheradslia) og sommarseter i Fuglsetra.

Rønnaug Larsdotter Kvarberg f.1673 d.etter 1720 var gift med Hans Olsen Laurgård (Sel) f.før 1640 d.før 1720 son til Ole Arnesen Laurgård d.1665 og Anne Larsdtr. Hans var

tidlegare gift med Mari Larsdtr. d.1694/1695. Hans og Mari hadde dottera Mari f.1678 d.etter 1744 (gift med Torstein Hjelle «Rik-Hjellin»). Skoskatten 1711 nemner Hans Quarberg og 1 barn. Rønnaug og Hans hadde 1 barn:

Anne 1695-1772, neste brukar

Anne Hansdotter Kvarberg 1695-1772 var gift med Ivar d.y. Johannessen Sandbu ø-n d.1727/1728 son til Johannes Iversen Sandbu d.1713 og Kari Olsdtr. Lunde nig. d.1691. Anne og Ivar hadde 5 barn:

Jakob 1716-1788, neste brukar

Kari f.1719 d.f.1721

Kari d.y. 1721-1753, g.m. Lars Johannessen Øi ø. (Haugøi) f.ca.1715 d.1802.

Johannes 1724-1802, g.m. Karen Jakobsdtr. Lye 1723-1773. På Lye.

Hans 1727-1776, g.m. Gunhild Jonsdtr. Viste nordg. 1733-1814. På Viste nordg.

Jakob Iversen Kvarberg 1716-1788 vart 1749 gift med Guri Pålsdotter Tofte 1723-1795 dotter til Pål Simensen Tofte og Kari Iversdtr. Kleppe n. f.1693. Jakob og Guri hadde 1 barn:

Iver 1750-1796, neste brukar

Iver Jakobsen Kvarberg 1750-1796 vart 1779 gift med Kari Johannesdotter Lye 1760-1782 dotter til Johannes Iversen Kvarberg 1724-1802 og Karen Jakobsdtr. Lye 1723-1773. Iver og Kari hadde 1 barn:

Anne 1781-1856, neste brukar

Anne Iversdotter Kvarberg 1781-1856 vart 1799 gift med Ola Pålsen Tolstad 1770-1840 son til Pål Hansen Tolstad 1736-1812 og Mari Pålsdtr. Tofte 1733-1812. Anne og Ola hadde 10 barn:

Guri 1800-1851, ugift

Mari f.1802 truleg død same år

Mari d.y. 1803-1851, g.m. Ola Knutsen Storvik s. 1804-1888

Jakob 1806-1808

Kari 1808-1842, ugift

Jakob d.y. 1810-1824

Pål 1813-1901, neste brukar

Iver 1815-1816

Barbro 1817-1899, ugift

Hans 1822-1882, ugift

Pål Olsen Kvarberg 1813-1901 vart 1861 gift med Barbro Andersdotter Strand n. 1830-1867 dotter til Anders Nilsen Strand 1799-1876 og Marit Gudbrandsdtr. Rusnes 1802-1884. Pål fekk skjøte frå mora i 1844 (tinglyst 1849) for 2700 Spd. Pål og Barbro hadde 4 barn:

Anne 1861-1863

Mari 1863-1865

Ole 1866-1866

Ole d.y. 1867-1867

Etter at både kona og barna var daude, tok Pål Olsen Kvarberg til seg ein av sønnene på sygard Raastad, Paul Andersen Raastad 1853-1912 som sin arving. Paul fekk skjøte i 1883 for kr 28500,-, og i 1886 oppretta han testemente slik at Paul Raastad skulle arve alt. Paul vart 1889 gift med Livø Pålsdotter Kvåle 1867-1850 dotter til Pål Torkildsen Kvåle 1818-1895 og Anne Olsdtr. Staurust 1834-1913. Paul og Livø hadde 11 barn:

Ole 1890-1973, neste brukar

Anders 1891-1944, g.m. Ragnhild Øisteinsdtr. Kvarberg ø 1902-1976. Trondheim.

Anne 1893-1975, g.m. Edvin Olousen Bjerkhage 1888-1971. Vestre Gausdal.

Pål 1894-1972, g.m. Gabrielle Steen 1897-1980. Skarnes.

Mari 1896-1986, ugift. Ringsaker.

Gudrun 1899-1982, ugift. Gaustad asyl i Oslo.

Hans 1901-1952, ugift. USA.

Barbro 1902-1989, g.m. Simen Olsen Aulstad n. 1901-1983. Vestre Gausdal.

Torkill 1904-1987, g.m. Aslaug Hansdtr. Storvik 1902-1990. Vågå.

Ragna 1906-1980, g.m. Leif Fjellvang 1906-1988.

Marit f.1909, g.m. Arne Martin Hamre f.1914.

Ole Paulsen Kvarberg 1890-1973 fekk skjøte på nigard Kvarberg med lausøyre frå mora i 1920 for kr 36000,-. Ola var gift med Signe Hansdotter Weggum 1897-1968 dotter til Hans Olsen Weggum 1852-1940 og Marie Pedersdtr. Tokse 1859-1922. Ola og Signe hadde 2 barn:

Livø Marie 1930-1983, u.g. hadde sonen Olav Olsen Kvarberg f.1958.

Pål Hans 1937-1995, neste brukar

Pål Hans Olsen Kvarberg 1937-1995 fekk skjøte på Kvarberg i 1960. Han var gift med Petra Oddrun Larsdotter Mork (Skjåk) f.1943 dotter til Lars Iversen Mork 1907-1991 og Tea Pålsdtr. Roen 1908-1992. Pål og Oddrun hadde 3 barn:

Ola f.1866, neste brukar

Torhild f.1970

Signe f.1975

Ola Pålsen Kvarberg f.1966 fekk skjøte på Kvarberg i 1992. Han er gift med May Helen Brudeli, dei har 2 barn:

Iver

Mari

I 1668 vart det på nigard Kvarberg fødd 37 fe, det var 7 hestar og det vart sådd 12 tønner.

I 1865 var det på nigard Kvarberg 11 hestar, 53 kyr, 74 sauer, 35 geit og 4 grisar. Det vart sådd 1 tønne rug, 16 tønner bygg, 2 tønner blandingskorn og 5 tønner poteter.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, Slekten på nigard Kvarberg med Sygard Raastadrekken  
Slekten på Nigard Kvarberg med Lyerekken

Norske Gardsbruk 1953-1997

Opplandarkivet Vågå: familieark, avskrifter panteregister, pantebøker, skifter mm.

Koppskatten 1645, matrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711

O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum

Folketeljing 1865

Jakup Skjedsvoll: avskrifter jordebøker mm.